



Nynorsk kultursentrum

## Vedtaksprotokoll, styremøte

1. april 12.00–14.35

Ivar Aasen-tunet/ digitalt møte

### Til stades

Lodve Solholm, Hilde L. Bjørnsvik, Sæbjørn Forberg, Amela Koluder, Janne Nygård, Jørn Øyrehagen Sunde, Siri Beate Gjerde, Per Magnus F. Sandsmark (sekretær)

Rådsordførar Per Halse melde forfall før møtet.

### Sak 4/20 Innkalling og saksliste

Nummereringa f.o.m. sak 10/20 i sakspapira er feil. Nummereringa i denne protokollen er riktig.

#### Vedtak

Innkallinga og sakslista er godkjende.

### Sak 5/20 Val av leiar og nestleiar

#### Vedtak

Lodve Solholm er vald som leiar. Amela Koluder er vald som nestleiar. Perioden er 1.4.2020 til 31.3.2021.

### Sak 6/20 Endring av møteplan 2020

#### Vedtak

Møteplanen vert oppretthalde som planlagd. Styreleiar har fullmakt til å flytte møte eller gjere dei digitale dersom stoda tilseier det. Styreseminar vert diskutert neste styremøte.

### Sak 7/20 Evaluering 2018 og styringssignal 2020

#### Vedtak

Styret tek evalueringa for 2018 og tildelingsbrevet for 2020 til vitende.

### Sak 8/20 Framtidig organisering og arbeidsdeling

#### Vedtak

1. Styreleiar får fullmakt til å gjere ferdig notatet til Kulturdepartementet med utgangspunkt i denne saka og diskusjonen i møtet.
2. Nynorsk kultursentrum held fram arbeidet med ei løysing som kan innebere eit større samla fagmiljø for nynorsk språk og litteratur i kulturliv, skule og samfunn. Direktør og styreleiar har fullmakt til å ta kontakt med relevante styresmakter og organisasjonar for å realisere dette.

## **Sak 9/20 Framtidig leksikonproduksjon**

### Vedtak

1. Direktør får fullmakt til å gå i forhandlingar med Store norske leksikon om samarbeidsavtale.
2. Ingen skal bli sagt opp i Nynorsk kultursentrum som følge av prosessen, men får tilbod om relevante oppgåver som det behov for i stiftinga.
3. Styret får avtalen lagt fram til godkjenning.

## **Sak 10/20 Langtidsplanar**

### Vedtak

1. Administrasjonen får fullmakt til å gjere ferdig langtidsplanane for bevaring, samling og forskning med dei innspela som kom i møtet.
2. Styret tek utkastet til kommunikasjonsplan til orientering, og administrasjonen presenterer nytt utkast i juni i tråd med innspela i møtet.

## **Sak 11/20 Plan for intern organisering**

### Vedtak

Styret meiner modellen som er lagt fram speglar den vedtekne strategiske planen, og tek informasjonen frå direktøren til vitende.

## **Sak 12/20 Årets nynorskbrukar 2020**

### Vedtak

1. Prisen *Årets nynorskbrukar 2020* går til *Geir Sverre Braut* for å gjere nynorsk sjølvsgt i helse- og sikkerheitsfag.
2. Prisen er på 100 000 kroner og eit diplom.
3. Styreleiar og direktør finn ut korleis ein gjer sjølve tildelinga i dialog med styret per e-post.

## **Sak 13/20 Ombygging resepsjon**

### Vedtak

Styret utset saka til situasjonen er meir avklart.

## **Sak 14/20 Orienteringssaker**

### Vedtak

Styret tek orienteringssakene til orientering.

Protokollen er godkjend elektronisk 2. april 2020

Lodve Solholm  
styreleiar

Amela Koluder  
nestleiar

Sæbjørn Forberg

Hilde L. Bjørnsvik

Janne Nygård

Jørn Øyrehagen Sunde

Siri Beate Gjerde

Per Magnus F. Sandsmark  
sekretær